



# Planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2022-2035

**Høyanger kommune**

Vedteke i kommunestyret 12.05.2022, sak 017/22

## Innhald

Forord .....	3
1 Kort fortalt .....	4
2 Føringar for planarbeidet .....	5
2.1 FN sine berekraftsmål .....	5
2.2 Nasjonale rammer og føringar .....	5
2.3 Regionale forventingar og føringar .....	6
3 Overordna utviklingstrekk og satsingar .....	6
3.1 Utviklingstrekk .....	6
3.2 Satsingar .....	7
4 Organisering og medverknad .....	7
4.1 Høyanger 3.0 .....	7
4.2 Politisk organisering .....	8
4.4 Medverknad .....	8
5 Konsekvensutgreiing .....	9
5.1 Oppheving av gamle reguleringsplanar .....	9
5.2 Utgreiingsbehov .....	9
5.3 Konsekvensutgreiing og Ros-analyse .....	9
5.4 Metode for konsekvensutgreiing .....	10
5.5 Formelle krav til innspel .....	10
6 Framdriftsplan – 2022-2023 .....	11

Framsidefoto: Arvid Fimreite

## Forord

Høyanger kommune skal revidere arealdelen til kommuneplanen. Gjeldande arealdel er frå 2016 og det vart då gjort eit omfattande arbeid med å få ein samla kommuneplan med både samfunnsdel og arealdel. Kommunestyret har i kommuneplanen sin samfunnsdel vedteke i desember 2021 målsettingar om blant anna korleis ein disponerer arealressursar i kommuneplanen sin arealdel.


Sidan førre kommuneplan har Nessane krins vorte inkludert i Høyanger kommune som følgje av endringar i kommunegrenser ved kommunesamslåingar i 2020. Dette gjer at Høyanger kommune er større i areal, og overtek deler av kommuneplan for tidlegare Balestrand.

Nedgang i folketalet i kommunen er framleis ei trend, men nye næringar og prosjekt er på gong.

Ein ny arealdel skal bygge på ei realistisk vurdering av ønska utvikling, samt tilgjengelege økonomiske og menneskelege ressursar. Planen skal vere behovsstyrta og ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig.

Høyanger kommune sin visjon er å vere ein aktiv og framtidsretta samfunnsutviklar.

Vi ynskjer innspel allereie no i ein tidleg fase av planarbeidet, og oppmodar difor alle om å komme med innspel så tidleg i prosessen som mogleg, og helst i samband med høyring av planprogrammet. Informasjon om planprosessen og korleis du kan medverke vert lagt ut på [www.hoyanger.kommune.no](http://www.hoyanger.kommune.no) under «Kunngjeringar».



## 1 Kort fortalt

Kommuneplanen er saman med økonomiplanen og årsbudsjett Høyanger kommune sitt viktigaste styringsdokument. Den legg langsiktige føringer for kommunen si verksemd og tydeleggjer kva rolle kommunen tek med omsyn til samfunnsutvikling.


Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen inneheld mål og føringer for den langsiktige utviklinga av kommunen, og har strategiar blant anna for arealutviklinga. Denne vart vedteke i kommunestyret desember 2021. I arealdelen konkretiserast arealbruken i kommunen og tek sikte på å vere ferdig utarbeidd i 2022.

Gjeldande kommuneplan er frå 2016, og vil vere det viktigaste grunnlagsdokumentet i arbeidet med å revidere arealdelen. Planen vil i hovudsak vidareførast utan dei heilt store endringane, men med justeringar for å oppnå betre arealutvikling etter behov – og skal vere i tråd med målsettingane som er satt i samfunnsdelen. I kommande planperiode vert det fokus på handlingsdelen i samfunnsdelen.

Kommunestyret avgjer gjennom vedtak av kommuneplanen sin arealdel kva som er tillate arealbruk, og kva restriksjonar som gjeld, gjennom blant anna arealformål, omsynssoner, temakart, føresegner og retningslinjer. Arealdelen er juridisk bindande og det overordna styringsdokumentet for arealpolitikken i kommunen. Arealdelen skal gi forutsigbarheit for vidare planlegging og saksbehandling. På denne måten sikrast utbyggjarar, innbyggjarar og andre aktørar kunnkap om korleis kommunen si arealutvikling og vern skal være i åra som kjem.

Eit planprogram skal innehalde:

- formål med planarbeidet
- behov for utgreiing
- grunnlag for konsekvensutgreiingar og risiko -og sårbarheitsanalyse
- plan -og medverkingsprosess med fristar og deltaking



Figur 1 Planprosessen for utarbeiding av kommuneplan

## 2 Føringar for planarbeidet

Høyanger kommune må i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel ta omsyn til statlege og regionale lover, føreskrifter, retningslinjer og planar.

### 2.1 FN sine berekraftsmål

Regjeringa har bestemt at FNs 17 berekraftsmål skal være det politiske hovudsprett for å ta tak i våre største utfordringar, og vere ein del av grunnlaget for kommunane si samfunns- og arealplanlegging. I Høyanger ligg berekraftsmåla til grunn for kommuneplanen sin samfunnsdel med arealstrategiar, og vil også vere førande for arbeidet med ein ny arealdel.

### 2.2 Nasjonale rammer og føringar

**Plan og bygningslova** (Lov om planlegging og byggesaksbehandling) er det mest sentrale lovverket med omsyn til utarbeiding av kommunale planar. 1. juli 2009 trådde ny PBL i verk og fokuset på kommunen si rolle som samfunnsutviklar, samt kommuneplanens samfunnsdel vart styrka. Lova vektlegg berekraftig utvikling, demokrati og medverknad i planprosessar, universell utforming, samt omsyn til born og unge i planlegging.

**Naturmangfaldslova** (Lov om forvaltning av naturens mangfold) er den mest sentrale lova innan naturforvaltning. Lova regulerer forvaltning av artar, områdevern, framande organismar, utvalde naturtypar og den tar vare på leveområde for prioriterte artar.

**Jordlova** (Lov om jord) sitt føremål er å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

**Skogbrukslova** (Lov om skogbruk) har til formål å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen.

**Folkehelselova** (Lov om folkehelsearbeid) skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, og utjamnar sosiale helseforskjellar. Folkehelsearbeidet skal fremje befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning.

**Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging** er eit av fleire verkemidlar i Plan og bygningslova med sikte på å formidle og ta i vare nasjonale interesser og nasjonal politikk i planarbeidet. Gjeldande dokument vektlegg temaa klima og energi, by- og tettstadsutvikling, samferdsel og infrastruktur, verdiskaping og næringsutvikling, natur, kulturmiljø og landskap, samt helse, livskvalitets og oppvekstmiljø.

#### Rikspolitiske retningslinjer;

- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen 28.05.2021
- Statlege planretningslinjer for samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging 26.09.2014
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging 20.09.1995
- Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag 01.01.2022
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021)

- Retningslinjer for planlegging og utbygging i fareområder langs vassdrag (1/2008,NVE)

### **Stortingsmeldingar;**

- St.meld. nr 26 (2006-2007) Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand.
- St. meld. nr. 15 (2011-2012). Hvordan leve med farene – om flom og skred.

## **2.3 Regionale forventingar og føringar**

- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Regional planstrategi
- Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 (Sogn og Fjordane)
- Regional strategisk plan for kysten 2018-2029 (Sogn og Fjordane)
- Regional plan for folkehelse 2015–2025 (Sogn og Fjordane)
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019 (Sogn og Fjordane)
- Regional plan for Ottadalsområde 2016-2026
- Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018-2027
- Regional transportplan – handlingsprogram 2018-2021 (Sogn og Fjordane)
- Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging Sogn og Fjordane
- Regional plan for kultur – kultur for alle 2019-2022 (Sogn og Fjordane)
- Fylkesdelplan for arealbruk Sogn og Fjordane\*
- Fylkesdelplan for klima og miljø Sogn og Fjordane\*
- Fylkesdelplan for landbruk i Sogn og Fjordane \*
- Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur 2028-2022 i Sogn og Fjordane\*  
Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 – 2033\*
- Handelsføresegn for Sogn og Fjordane – med retningslinjer\*

\*planar som er under arbeid etter fylkessamanslåinga, og er gjeldande inntil dei vert erstatta av nye planar for Vestland fylkeskommune.

## **3 Overordna utviklingstrekk og satsingar**

### **3.1 Utviklingstrekk**

Klimaendringar vil påverke samfunnet på mange måtar til dømes gjennom havnivåstigning, auka flaum- og skredfare, auka vèrpåverknad på bygg, vegar og anna infrastruktur.

Det er etterspurnad etter næringsareal på land og i sjø, og det er viktig å legge til rette for tilstrekkeleg areal til dette. Det kan vere ei utfordring å vekte næringsinteresser mot andre interesser og omsyn.

Arealbruken generelt i Høyanger kommune har ikkje endra seg særleg dei siste 20-30 åra. Det er etablert bustadfelt i Ortevik, Søreide, Ikjefjord, Lavik og Vadheim. Det er behov for vidare tilrettelegging for bustadar i Høyanger kommune.

Det er utbyggingspress i strandsona på landsbasis med omsyn til fritidsbustader, flytebrygger og kai anlegg. Høyanger kommune må sikre ei berekraftig utvikling tilpassa lokale forhold.

Høyanger kommune skal sikre landskap, naturmangfald og miljø, og er restriktiv til større utbygging i relativt urørte landskap som til dømes vindkraft.

Kommunesenteret har eit særleg arkitektonisk uttrykk gjennom bygningars historie og kulturarv, som vert forringa over tid.

### 3.2 Satsingar

Arealstrategien skal leggast til grunn i tettstadutvikling, næringsutvikling, i utbetring av infrastruktur, og forvaltning av strandsona og utmarksareal.

Fysiske møteplassar for unge og eldre, omsyn til klima og miljø, samfunnstryggleik, bevaring av kulturarv, friluftsområder, viktige landbruksareal, næringsareal på land og i sjø skal sikrast i kommuneplanen sin arealdel. Høyanger tettstad har ei rikhaldig kulturarv som skal ligge til grunn for vidare utvikling.

Det skal satsast på å auke kommunen sin attraktivitet ved å etablere bustadområder i Høyanger kommune, samt utvikle og utvide eksisterande næringsområder.

Høyanger kommune har valt ut 5 tema med særleg prioritet i denne revisjonen:

- Oppdatere omsyns- og aktsemiddssone knytt til natur, friluftsliv og naturfare
- Legge til rette for næringsareal i sjø og på land
- Legge til rette for nye bustadfelt/fortette eksisterande bustadfelt
- Forvaltning av strandsona og fjellområder for å avklare arealbruk
- Fokus på stadtidentitet

## 4 Organisering og medverknad

### 4.1 Høyanger 3.0

Høyanger 3.0 er den tredje versjonen av korleis rollefordelinga mellom kommune som organisasjon og innbyggjarane bør vere. På denne måten kan vi best skape trivsel og utvikling i kommunen vår.



## 4.2 Politisk organisering

Kommuneplanen sin arealdel vert handsama i planutval med orientering i utvala, og endeleg vedteke i kommunestyret.

## 4.3 Administrativ organisering

Utarbeiding av arealplanen vert utført av eininga for plan- og forvaltning, og vert organisert som eit prosjekt.

- Prosjektansvarleg - kommunedirektør Kjellaug Brekkhus
- Prosjektleiar - arealplanleggar Janne Kristin Bøyum
- Arbeidsgruppe - arealplanleggar Janne Kristin Bøyum og Gis-ansvarleg Einar T. Øyehaug
- Referansegruppe - leiar for plan og forvaltning Synne Vefring, leiar for drift og vedlikehald Olav Nordgulen, jordbruksjef Randi Dale, folkehelsekoordinator Kine L. Gunnarskog og næringssjef Ingrid Heggø
- Styringsgruppe: Formannskapet – ordfører Petter Sortland, varaordfører Geir Helge Østerbø, Kristin Råsberg, Eirin Borlaug og Einar Rysjedal

Prosjektet nyttar seg av fagressursar der det er naudsynt, og rapporterer jamleg til styringsgruppa.

## 4.4 Medverknad

Medverking ut mot innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar gir kommuneplanen betre forankring og sikrar at lokal kunnskap og ulike interesser vert fanget opp i planprosessen. Det skal leggas særskilt til rette for at born og unge skal bli høyrt i planprosessen. Det er også viktig å få til ei god intern forankring ved tverrfagleg arbeid og oppfølging av kommuneplanen.

Vidare er det sentralt i ein god planprosess at arbeidet er godt forankra i folkevalde organ, og at planen vert til i ein open og demokratisk prosess.

- Barnehagar – får ei oppgåve som kan løysast på fleire kreative måtar
- Elevråd i ungdomsskulen – får ei oppgåve som elevane tek vidare til klassane
- Elevråd på Høyanger vidaregåande skule
- Ungdomsrådet – vert orientert og bedt om innspel på plan
- Politiske utval - vert orientert og bedt om innspel på plan, særleg Ungdomsrådet og rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
- Høyanger næringsforum – vert orientert og bedt om innspel på plan
- Kontordag i lokalsentra – møte med innbyggjarar for diskusjon og innspel
- Regionalt planforum – diskusjon med statlege og regionale myndigheter
- Annonsering – i lokal avis, på heimeside og andre sosiale media
- Høyringspartar – statlege og regionale myndigheter, nabokommunar og aktuelle lag og organisasjonar

## 5 Konsekvensutgreiing

### 5.1 Oppheving av gamle reguleringsplanar

I samband med planarbeidet vert det ein gjennomgang av reguleringsplanar for å sjå om det er behov for å oppheve nokre planar. Målet med å oppheve gamle planar er å rydde opp og fjerne planar som hovudsakeleg er i strid med overordna plan, kan sjåast på som utdaterte eller uaktuelle etter gjeldane lover og forskrifter, eller som i nokre tilfelle er overlappa og/eller er delvis erstatta av nyare planar.

### 5.2 Utgreiingsbehov

Kartleggingar og analyser som er naudsynte i planprosessen:

- Utarbeide arealstatistikk/regnskap
- Oversikt over reguleringsplanar – kva for planar skal videreførast i den nye kommuneplanen
- Ledige bustadområder
- Ledige næringsområder, industriområder
- Befolkningsframskrivning
- Kva finns av attraktive friluftsområder, friområde og turstiar
- Kartlegging av strandsona
- Områder for akvakulturanlegg
- Hamner, fiskeriformål, småbåthamner
- Vurdere gjennomføring av barnetråkk- eller folketråkk-registrering

### 5.3 Konsekvensutgreiing og Ros-analyse

Ved utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel er konsekvensutgreiing og ROS-analyse lovfesta. Jamfør plan- og bygningslova § 4-2 skal planar som gir rammer for framtidig utbygging konsekvensutgreiaast (KU). Alle omdisponeringar av areal skal ha en konsekvensutgreiing og ROS-analyse. Vurderingane gjerast på mange tema fordelt på konsekvensar for klima- og miljø, og for samfunnet.

#### Klima- og miljø:

- Landskap
- Klimatilpassing
- Forureining og støy
- Vassmiljø og vassforvaltning
- Eventuelle konfliktar med mineralske ressursar
- Skog- og landbruk
- Jordvern
- Naturmangfold og ivaretaking av viktige naturverdiar
- Kulturminner og kulturmiljø
- Friluftsliv, grønstruktur og nærmiljø
- Strandsone

## **Samfunn:**

- Transportbehov, trafikktryggleik og trygg skuleveg
- Teknisk infrastruktur - veg, vatn- og avløp, fiber
- Sosial infrastruktur – som skule, barnehage og fritidstilbod
- Bu-kvalitetar
- Born og unge
- Universell utforming
- Folkehelse
- Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit
- Samsvar med arealstrategiar og målsettingar

## **5.4 Metode for konsekvensutgreiing**

Konsekvensutgreiinga skil mellom vurdering av konsekvensar i høve miljø/natur og samfunn. Kvart enkelt område der det er føreslått ny arealbruk blir presentert med kartutsnitt og relevante nøkkeldata.

Konsekvensvurderinga baserast på ei verdi -og omfangsvurdering av det enkelte område. Med verdivurdering meiner ein området sin nåverande verdi utifrå eit gitt utgreiingstema. Vurdering av omfang/påverknad inneberer å sjå kva endringar ny arealbruk vil føre til for området i forhold til 0 – alternativet (sannsynleg utvikling av området utan utbygging). Omfang av ei utbygging blir bestemt av kva verdiar som blir råka av den aktuelle lokaliseringa og arealføremålet.

Konsekvensen av eit føreslått utbyggingsområde for eit gitt tema kjem fram ved å samanstille vurderinga av områdets verdi med utbygginga sitt omfang. Med andre ord vil stor verdivurdering av eit område saman med stort negativ omfang gi stor negativ konsekvens for eit tema.

Verdivurdering er vist med 1 til 4 stjerner og konsekvensvurderinga er vurdert utifrå ein femdelt skala frå -2 til +2.

* = Liten verdi	-2 = Stor negativ konsekvens
** = Middels verdi	-1 = Negative konsekvens
*** = Stor verdi	0 = Ingen konsekvens
**** = Svært stor verdi	+1 = Positiv konsekvens
	+2 = Stor positiv konsekvens

Dersom det gjennom innspel i planprosessen er fleire interesser for same område, vil det verte gjennomført ei KU-vurdering for desse, der ein samla sett vil komme med ei tilråding for best aktuelle alternativ.

## **5.5 Formelle krav til innspel**

Det er berre arealinnspel som har vore konsekvensutgreia som kan bli med i ny arealdel. Arealinnspelet må fremmest i samråd med grunneigar for området. Kommunedirektøren ønsker at alle private innspel til arealdelen skal vurderast etter ein bestemt mal.

### **Formålet er blant anna:**

- Forsлага vil vere enklare å handtere i planarbeidet
- Forslagsstillar må være bevisst kva vurderingar kommunen skal gjere, og sjølv ta stilling til eventuelt konfliktnivå
- Sjekklista/malen er forarbeid til konsekvensutgreiinga

## Arealinnspela må innehalde informasjon som:

- Informasjon om eksisterande arealbruk, forslag til ny arealbruk, eventuelt tal bustadar, leilegheiter, småbåthamner eller liknande
- Avgrensing i kartet
- Vise til kjente forhold på eigedommen som:
  - Miljøverninteresser, grønstruktur og friluftsliv, kulturminner og kulturmiljø, verneverdiar, landskap, turstiar, biologisk mangfald og estetikk
  - Forureining og støy
  - Landbruksinteresser og jordvern
  - Klima
  - Born og unge sine interesser
  - Samfunnstryggleik og beredskap
  - Teknisk infrastruktur, overvatn med meir
  - Sosial infrastruktur
- Tidsplan for når tiltaket skal realiserast/forslag til gjennomføring
- Vurdere moglege konsekvensar av forslaget

## 6 Framdriftsplan – 2022-2023

Aktivitet	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mar
Vedtak om planoppstart og høyring av planprogram		X													
Planprogram til høyring		X													
Vedtak endeleg planprogram					X										
Utarbeide planframlegg			X	X	X	X	X	X	X	X					
Høyring av planframlegg											X				
Innarbeide eventuelle endringar												X	X		
Vedtak av endeleg plan ev. 2. gangs høyring														X	X